

FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 3 - OKTOBER 2025
ÅRGANG 48



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 913 47 802

kyrkja@fitjar.kommune.no

<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontakt oss:

Kyrkjeverje

Harald Rydland 913 47 802

kyrkja@fitjar.kommune.no

Kantor:

Jan Overweg 901 97 069

jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825

olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562

rama@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978

bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805

VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Redaksjonelt

Framsida: Frå gudstenesta 28.09.

Foto: Ole Sandvik

Trygg med barnegospel

Barnegospel har sunge lenge. Likevel så ser dei framleis like friske ut. For litt sidan høyrde eg barnegospel synga for fleire hundre menneske i idrettshallen. Dei song «... om den finaste blomen, og at eg fikk vera den».

Sokneprest Olav J. Oma

Første gongen eg høyrde dei, var for nær 20 år sidan, og framleis syng det i meg: «Det er gøy, gøy, gøy, å rope høyt, høyt, høyt sammen med mine venner».

Men i dag er det ein annan song som syng i meg. Her syng barnegospel om at Jesus 'var om bord i en båt, han stilte stormen uten å bli våt'. Akkurat det siste synst eg er litt morosamt.

Songen fortel historia om då Jesus sov bak i båten, medan det bles opp til storm. Det er lett å sjå for seg bølgiene, høyra vinden, forstå at læresveinane vart livredde.

Når vi les andakten, eller høyrer orda, så kan vi tenkja at vi går om bord i båten slik læresveinane gjorde for lenge sidan.

Kanskje er du trygg og glad? Så fint det er å ha det slik!

Kanskje er du uroleg, stressa og redd? Dessverre er det ganske normalt.

I «A-laget» på NRK såg eg Erling Braut Håland, fotballproffen, fortelje at han var redd for å dø. Døden er skummel. Og vi er mange som kan kjenna på den same redsla.

Men om vi no er gått om bord i båten, kven er det som har lagt seg til å sova baki?

Det er Jesus, Guds Son. Han som elsker menneske, slike som syng i barnegospel, men også alle oss andre. Han søv i båten, men han er vaken når eg treng det. Det hender eg gløymer det.

Det er ikkje alltid at eg får til å tru det, men Jesus kom for å berga menneske. Er du usikker, så er han til å stola på. Alltid og alle dagar!

Foto: Kjetil Rydland



Takk til Fitjar kraftlag

I samband med at kraftlaget fylte 90 år arrangerte dei fest for heile Fitjarbygda laurdag 27. september. Dei gav store gåver til mykje godt arbeid som skjer i bygdene våre, også kyrkja fekk gåver;

- Tentreff som me er ein del av fekk saman med anna arbeid på bedehuset 40.000,-
- Fitjar kyrkjekor 10.000,-
- Temakveldgruppa 20.000,-
- Diakoninemnda 25.000,-
- Fitjar sokn 100.000,-

Me takkar for gåvene, dei skal koma til god nytte i det mangslungne arbeidet vårt.

Kyrkjeskyss

Vil du ha skyss til kyrkja?

Då ringjer du ein av desse karane innan laurdag, så ordnar vedkomande med at du blir henta, og at du kjem deg trygt heim etter gudstenesta søndag.

- Johannes Nesse 53 49 91 07
- Nils K. Rydland 90 65 16 17
- Rasmus Fitjar 91 82 41 58

” *De er Guds utvalde, heilage og elska av han. Kled dykk difor i inderleg medkjensle og ver gode, milde, audmjuke og tolmodige, så de ber over med kvarandre og tilgjev kvarandre om den eine har noko å klaga den andre for. Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre. Og over alt dette: Kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og gjer fullkomen. Lat Kristi fred rå i hjartet dykkar, for til det vart de kalla då de vart éin kropp. Og ver takksame! Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta! Og alt de gjer, i ord og gjerning, skal de gjera i Herren Jesu namn og ved han takka Gud, vår Far.*

Kol. 3, 12-17



Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset- Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 5. des. til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 16. des. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Herman Inge Aadland
- Roald Drønen
- Karvel Strømme
- Rolf-Atle Rølsnes
- Marie Willemse

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Vigsle av nytt felt på kyrkjegarden

T: Olav J. Oma

F. Jan Overweg og Arild Steisland

Fredag 3. oktober var representantar frå Engevik og Tislevoll, frivillige, Fitjar kommune, soknerådsleiar og heile staben samla på kyrkjestova for høgtidleg overlevering av nytt gravfelt. Inntil 140 nye graver er no klare til bruk på sørsida av kyrkja. Takk til alle som har vore med og bidrege.

Etter gudstenesta søndag 5. oktober vart feltet vigsla med salmesong og bøn. Prost Arild Steisland leia den høgtidlege stunda, som vart avslutta med «Jesus lever gravi brast» på kyrkjegarden. På kyrkjeaffien kom ordførar Wenche Tislevoll og soknerådsleiar Svein Lunde med helsingar.



Johnny Cash i ord og tonar

Den første temakvelden denne hausten vart ein fulltreffar. Temakveldnemnda hadde invitert Endre Olsen frå musikklivet på Stord for å gjera oss meir kjende med Johnny Cash, det mangslungne livet og songane hans. Det gjorde Endre på beste måte. Han er ein ypparleg formidlar, både i ord og tonar. At han er utdanna pedagog, var lett å forstå.

Herman I. Aadland

For det første hadde han sett seg grundig inn i livssoga til Cash. Me fekk fylgja kunstnaren frå vogge til grav. Cash vart fødd den 26. februar i 1932 i Kingsland, Arkansas. Han vaks opp på ein gard der, blant anna saman med ein storebror som han såg veldig opp til. Han synte tidleg at han var musikalsk. Og barndomsrepertoaret var for ein stor del salmar og evangeliske songar. Med mørke augo og klår barnestemme sjarmerte han tilhøyrarane sine stort.

Men Johnny fekk tidleg ei stor sorg. Ein dag hadde han mast på bror sin, Jack, for å få han med på fiske i elva. Men den ansvarsfulle broren hadde lova å spissa gjerdepålar på gardssaga. Det enda med at Johnny gjekk og fiska, medan broren gjekk på saga. Men der var han uheldig og skadde seg så hardt at livet ikkje stod til å berga. Dette la ein mørk skugge over Johnny sitt liv. Broren var ein svært gåverik ungdom som hadde planar om å studera teologi og bli prest. Johnny ankla seg lenge for at han ikkje hadde mast meir på broren for å få han med den dagen. Denne hendinga resulterte seinare i songen: «Can you hear the angels, mama?»

Konserten tok til med at Endre, til enkelt banjospel, framførte songen «On a hill far away».

Nokon av oss hadde gjerne trudd at Endre ville ha kledd seg i svart for høvet. Men han hadde på seg kvit skjorte i respekt for idolet. Som han sa: «Eg er ikkje Johnny Cash og vil ikkje prøva å kopiera han. Men eg vil gjera mitt beste for at de skal bli kjende med han.»

Og dette skal seiast om Endre: Han har ei god og uttrykksfull stemme med temmeleg stort register. Og han er ein eminent gitarist. Gjennom kvelden veksle han mellom to gitarar og banjo. Og han makta på ypparleg vis å framkalla lydbilete slik at me gong på gong kjende att Johnny Cash.



Gjennom kvelden fekk me del i Cash sine oppturar og nedturar både i kjærleikslivet og på det personlege planet elles. Summa summarum vart kvelden verkeleg oppbyggjeleg. Både Endre Olsen og Johnny Cash gjorde seg så absolutt i kyrkja. Det er ikkje alltid ein får meir ut av ein andakt eller ei preik.

Endre framførte ei mengd av Cash sine songar, både velkjende og mindre kjende: «I walk the line», «You gonna try, try, try», «Folsom prison blues», «San Quentin», «The man in black» og mange andre.

Me fekk oppleva Johnny Cash reisa seg frå nederlag, bli kyrkjemann, reisa på turne med Billy Graham, vera fangane sitt håp og mykje meir. Han vart av somme kritisert for dette med omsorga for fangane, men då viste han til Jesu ord om nettopp dette. Kva for kristendom er det som ikkje har omsorg for fangane?

Det var eit hardt slag for Johnny Cash då kona, June Carter Cash, døydde, i 2003. I månadane etter dette skreiv han kring 100 songar før han sjølv la hovudet på puta og gjekk ut av tida. Men arven etter han lever i beste velgåande!

Ei stor forsamling gav Endre Olsen langvarig og velfortent applaus. Og han kvitterte med «At my door the leaves are falling».

Tusen takk for ein flott kveld!

4-årsvandring i kyrkja

Årets 4-årsvandring var ein fredag ettermiddag. Sola skein frå skyfri himmel, og kyrkja var varm og god. Ein veldig fin gjeng med 4 åringar kom i kyrkja for å vere med å sjå seg rundt. Dei fekk oppleve mykje spennande og kjekt.

Randi Lønning Matre

Ute på kyrkjegarden tok kyrkjegardsarbeidaren vår, Kjetil, imot dei. Han fortalte dei litt om kva han gjer på og så fekk dei sitje på med ATV'en.

Så bar det vidare til tårnet. Her fekk dei høyre om klokken i tårnet, før dei fekk ta turen opp alle trappene. Det er ganske mange trapper og ganske bratt. Her møtte dei Harald som viste dei klokken og korleis dei verkar. Det var stas!

Inne på orgelkrakken sat Jan og venta. Han viste korleis orgelet verka og kva som skjer når ein trykker ned ein tangent. Alle som ville fekk prøve seg på orgelkrakken og spele nokre tonar.

I kyrkja trefte dei på presten vår, Olav. Han viste og fortalte om presteklede, altar, altarring, preikestol og dåpsfat. Dåpsfatet må vere fylt med vatn på søndag, for då er det eit barn som skal berast til dåpen.

Oppe i kyrkjestova møtte dei på Helga og Astrid frå søndagsskulen. Her fekk dei vera med på ein minisøndagsskule. Dei song songar, høyrde bibelforteljing og fekk fiska i fiskedammen.

Heilt til slutt åt me bollar saman – tusen takk for ein fin samling saman med flotte fireåringar!



Konfirmantar 2025/2026



T: Randi Lønning Matre - F: Ole Sandvik

Det er alltid spennande og kjekt å møte eit nytt kull med konfirmantar, og me gler oss til kvar haust. Det gjorde me også i år. Det er mange som har meldt seg på til årets konfirmant-opplegg i kyrkja vår, og det syns me er veldig kjekt. Det som er unikt for dette kullet er at dei er mange gutar og berre nokre jenter. Me har allereie hatt nokre samlingar saman med dei, og me kan sei at dei er ein fin gjeng med flotte ungdommar. Fantastisk fint å starte med lune rundstykke og godt pålegg. Tusen takk til bygdekvinnelaget som stiller opp med heimebakte rundstykke og lagar til mat.

14. september vart konfirmantane presentert på gudstenesta. Me ser fram til gode rundstykke, engasjerte konfirmantar og kjekke samlingar i godt fellesskap dette året.

”

***For eg veit kva tankar
eg har med dykk, seier
Herren, fredstankar og
ikkje ulukketankar. Eg vil
gje dykk framtid og von.***

Jer. 29,11



Ei anna Fitjar kyrkje

Langt inne i botnen av ein dal på Island, Skorradal, ligg ei lita vakker kyrkje, og når du nærmar deg, står det eit skilt med namnet: Fitjar kyrkje.

Karvel Strømme

Ho er lita, kvitmåla og velstelt, med ein kross på toppen av mønet. Når du går fram mot kyrkjedøra, passerer du ei grind der det står «Fitjarkirkja 1897». Dette er årstalet då den noverande kyrkja vart reist, men på ei tavle utanfor kan me lesa heile saga til dette vakre huset.

Første gong Fitjar blir nemnd som kyrkjestad er år 1200. Så går det mange år, fram til 1358, då kyrkja igjen blir omtala. Som katolsk kyrkje (dette var jo lenge før reformasjonen) vart ho vigd til den heilage Nikolaus, og var ei bondekyrkje. Det vil sei at det var bonden, eller hovdingen på staden, som hadde bygd henne, og dermed fekk inntektene som tilkom kyrkja. Men han hadde òg ansvar for vedlikehald av kyrkja, og for å løna prestane. At lekmenn, dvs. hovdinger eller goder, bygde kyrkjer på gardane sine, var vanleg den første tida etter at Island vart kristna ved eit samrøystes vedtak på Thingvellir år 1000. Hovdingane kunne og m.a. bruka kyrkja som ein trygg plass i tilfelle åtak på garden, for rundt 1200-talet var ei svært uroleg tid på Island. I ei islandsk ættesoge får me òg ei anna forklaring på den ivrige kyrkjebyggjinga. Det gjekk nemleg ord om at prestane som messa i desse kyrkjene var lova så mange sjeler inn i himmerike som det var plass til i kyrkja. Snorre Sturluson hadde og ei kyrkje på garden sin på Reykholt, i tillegg til fem bedehus.



Kjem du til Fitjar kyrkje i dag, står det kanskje ei kvinne og tar imot deg på kyrkjetrappa. Det er Hulda Gudmundsdottir, og det var oldefar hennar som bygde den noverande kyrkja. At ho er glad i kyrkja si, viser att både utvendig og innvendig, og Hulda fortel at dette er ei av dei siste «bondekyrkjene» på Island i denne stilen: utan tårn, med lause benker og med det me kan kalla «heimelaga» interiør, der lokale kunstnarar har laga og malt alter og preikestol. Nattverdiskalken og oblat-fatet i sølv frå den første kyrkja er kopiar, for dei opphavlege står på Islands nasjonalmuseum i Reykjavik. Då Island feira 1000 års-jubileet for kristninga av landet, stod desse to på utandørsaltaret på Thingvellir. Ei stor ære for ei lita bondekyrkje langt inne i botnen av ein dal. Men det heng noko anna på veggen i kyrkja; eit bilete av ei kyrkje med same namn. Det er vår Fitjar-kyrkje med ei helsing frå Fitjar kyrkjesokn, skrive av vår prest, Olav Oma. Dette hadde eg med på ei av dei mange vitjingane eg har hatt med grupper frå Noreg, og Hulda liker å syna dette til folk som gjester kyrkja: «Sjå, her er Fitjar kyrkje i Noreg».



*Altar og altartavle
laga av lokal kunstnar*



*Altardisk og kalk som står på
Nasjonalmusèet i Reykjavik*

Tenn eit ljøs for Mali!

I samband med at eg i august var på familievissitt i Trøndelag, vart eg invitert til NMS sitt Knausen lysstøyper i Melhus. Det var ei utruleg flott oppleving. Knausen samlar inn ljøsstumpar frå heile landet og støyper dei om til stearinljøs av høgste kvalitet. Og eg vart verkeleg imponert over arbeidet og omfanget. Faktum er at dette frivillige dugnadsarbeidet genererer meir enn 2 millionar kroner til NMS årleg!

Herman I. Aadland

Då eg var der, fekk eg tilbod om å ta med ljøs og tennbrikettar til inntekt for Fitjar kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt i Mali. Det enda opp med at eg fylte bilen med stearinljøs for 10.600 kroner gratis. Det betyr at kvar krone av salet går til prosjektet vårt. No, halvannen månad seinare, har eg selt ljøs og brikettar for 4.535 kroner.

Når haustmørket no kjem krypande over oss, er det triveleg å tenna ljøs i heimen. Ljøs og brikettar er også framifrå gåver. Det er jo ikkje så lenge til jul. Kanskje du skulle gle nokon med ein pakke kvalitetsljøs eller tennbrikettar?

Dersom du vil vera med og støtta misjonsprosjektet på denne måten, kan du ta kontakt med underteikna på tlf. 911 75882 ved å ringja eller via SMS. Eg kjem gjerne på døra med varene dersom det er greiast. Ein tipakning vakre ljøs kostar 75 kroner, tennbrikettane (100 stk.) 60 kroner og kuleljøsa 50 kroner.

Siste brev frå Mali kom no 23. september. Det fortel om arbeidet NMS støttar:

«Born sine rettar, inntekter for kvinner og ungdom, og støtte til sivilsamfunnet.

Avtalar om å stoppa kjønnslemlesting av små jentborn er signert med 43 landsbyar og byar. 8 landsbyar og byar har signert avtalar om å stoppa barneekteskap.

I 2024 var nær på 40.000 menneske involvert i prosjektet på eit eller anna vis.

Barnedepartement og kvinnenettverk bidreg med å byggja kunnskap om eigne rettar og mobilisering for forandring.



NMS støttar framleis evangelisering, bibelomsetjing, radioarbeid, kyrkjelydsbygging, Use your talents i Mali, i tillegg til utviklingsprosjekt.»

Det er eit spennande og viktg arbeid me er med på. Ta det gjerne med i bøn!



Knausen Lysstøperi bidreg til gjenbruk og til å redusera avfall. Årleg produserer vi heile 23 tonn lys. Våre gjenomfarga lys finst i eit breitt utval av fargar og former i 20 ulike variantar.

I tillegg produserer vi også tennbrikettar, laga av stearin og treverk. Desse er perfekte til opptenning i omn eller til å fyre opp kaffibålet på tur. Brikettane vert selde i pakkar med 90 stk/pk.

Frivillighet og fellesskap

Knausen Lysstøperi vert drive av frivillige medarbeidarar, som jobbar éin til tre dagar i veka. Produksjonen går føre seg i om lag 36 veker i året, måndag til torsdag.

Slik kan du bidra

Har du lysestumpar liggjande? Lever dei til din næraste NMS Gjenbruk. Vi sørgjer for at dei vert frakta til Knausen. Her vert stumpane sorterte etter farge og støypete om til heilt nye, gjennomfarga lys – klare for sal i butikkane våre.

Mamilla Bruktbutikk Fitjar 2 år!

12. oktober 2023 opna vi bruktbutikken i Fitjar sentrum, og responsen var overveldande – folk sto i kø for å koma inn! No feirar vi 2-årsjubileum, og i veke 41 markerer vi dette med tilbod, kaffi og vaflar.

Torunn K. Aarskog

Stadig fleire får augo opp for gjenbruk, både for miljøet og lommeboka. Utvalet varierer, men kundar seier dei finn mange kvalitetsvarer hos oss. Tusen takk til alle som leverer! Vi tek imot klede, småmøblar, leikar og utstyr til heimen. Lever gjerne i opningstida (torsdag og fredag 11-16, laurdag 11-15) eller ta kontakt med underteikna på tlf. 404 04 146.

Rundt 20 frivillige bidreg med prising, utstilling, sal og rydding – ein fantastisk innsats!

Overskotet frå butikken går til Israelsmisjonen, som støttar mellom anna ein kyrkjelyd i Tel Aviv og Haifa, ein aldersheim for Jesustruande jødar og kristne arabarar, og samtalegrupper for kvinner i vanskelege livssituasjonar.

Generalsekretær Jarle Råmunddal utdjuar:

– Djupast sett handlar det om å formidle evangeliet til det jødiske folk og støtte den vesle minoriteten av Jesustruande jødar i landet. Der Jesus får sleppe til, ser vi at forsoning skjer – og vi ønskjer å arbeide for nettopp det. I tillegg er vi engasjert i kyrkjelydsarbeid i Europa, seier Råmunddal.



Mamilla Bruktbutikk Fitjar

9. juli • 6

Hjarteleg velkommen på jakt etter brukte skattar hos oss 🐞 ... Se mer



Søndagsskulens dag - og gull til Tryve



Under søndagsskulens dag-gudstenesta i Fitjar kyrkje 7. september vart søndagsskulelærer Trygve Eiken overraska med heider etter heile 50 samanhengande år som søndagsskulelærer på Fitjar.

Helga Rimmereid og Astrid Prestbø

I kyrkja vart det sagt slik: "Det er mange som har vore engasjerte og fortsatt er engasjerte i søndagsskulen på Fitjar, men me har ein person som peikar seg ekstra ut. Han starta som leiar i søndagsskulen i 1975 og er framleis med, og det fortener ei markering.

På vegne av søndagsskulen vil me takke TRYGVE PETTER EIKEN for alle dei åra han har stått i tenesta som søndagsskulelærer.

Han har lagt ned eit stort og verdifulle arbeid ved å vera med på det viktigaste av alt: Å gje Jesus til barna.

Takk, Trygve, for at du trufast, år etter år, i 50 år, har stilt opp på vanleg søndagsskule, søndagsskulens dag, adventsfrukostar, jule-

festar m.m. Du er alltid positiv og tar oppgåvene du får på strak arm.

Me vil og trekja fram den unike evna du har til å formidla Bibelforteljingane. Du levandegjer dei med flotte, detaljrike teikningar på whiteboarden, og det på ein måte som fengjer alle, frå dei heilt minste og opp til foreldre og besteforeldre som er med. Ei stor takk frå oss i Fitjar søndagsskule!

På hovudkontoret vart dei og imponert over at me har ein leiar som har 50-årsjubileum i år. Tusen takk!"

Som eit synleg bevis på at søndagsskulen set stor pris på Trygve og innsatsen han har gjort og framleis gjer, fekk Trygve utdelt søndagsskulen sin heidersdiplom saman med ein søndagsskulekopp og ein blomebukett, og stor applaus frå kyrkjelyden.



Soknerådet organiserer sitt arbeid ved dei tilsette og nemndene

Tilsette

Harald Rydland, kyrkjeverje,
Randi Lønning Matre, kyrkjelydspedagog,
Jan Overweg, kantor,
Kjetil Ragde, kyrkjegardsarbeidar og vaktmeister,
Olav J. Oma, sokneprest

Soknerådet

Svein Lunde (leiar), Anne Marie Røed (nestleiar),
Tom Rydland, Anne Kristin Skår, Olav J. Oma,
Lillianne Drønen, Håkon Rydland Sæbø, Kari Raunholm,
Mette Lambach, Gisle Levåg (kommunal representant)

Vararepresentantar: Wenche Andersen Helland,
Karin Korsvik, Nils Andreas Brekke, Aase Nøttveit.

Diakoninemnda

Grete Sætre (leiar), Inger Marie Gilje (nestleiar),
Jan Oddvard Mongstad, Agnar Jan Helland,
Frøydis Almås, Kari Raunholm, Olav J. Oma

Gudstenesteutvalet

Mette Lambach (leiar), Dagfinn Brekke, Jan Overweg,
Olav J. Oma

Kyrkjebladredaksjon

Olav J. Oma (red.), Roald Drønen, Marie Willemse,
Herman Inge Aadland, Karvel Strømme,
Rolf-Atle Rolfsnes

Utval for kyrkjeleg undervisning og læring (tidlegare trusopplæring)

Torunn Konstali Aarskog, Anne Marie Røed,
Birgitte Brenne, Hilde Karin Vedøy Eiken,
Randi Lønning Matre

Misjonsutvalet

Eldbjørg Vikane, Sigrunn Vik Nilsen og
Herman Inge Aadland

Temakveldgruppa

Eli Simonsen, Anne Britt Ternes, Benedicte Meyer,
Kari Bjørndal

Utegruppa

Tom Rydland, Rasmus Fitjar, Eilif Bjørge

Kyrkjekoret

Benedicte Meyer (dirigent)

Temakveld i Fitjar kyrkje

torsdag 30.oktober kl. 19.30



«Fredfullt i kyrkja»

Konsert v/Tore Hegdahl og
Ole Jakob Hystad

Inngang kr. 200

Velkommen!



Temakveldgruppa/soknerådet

KONSERT

Synnøve Aanensen m/band

Fitjar bedehus

Lau.18. okt. kl 20.00

Billettar:

- Vaksne kr 200,-
- Barn kr 100,-
- Familie kr 500,-



Arr:
Fitjar Indremisjon



Takkoffer i gudstenestene

Olav J. Oma

Dette er g ver som monner. Ein kan lesa om misjonsprosjektet v rt i Mali ved Det Norske Misjonsselskap (NMS) i bladet. I fjor sendte vi over 80.000,- til dette prosjektet.

Relativt ofte g r g va i gudstenesta til v rt eige arbeid, fordi vi treng midlar for   halda fram med det gode arbeidet som skjer i kyrkjelyden. Vi gir til misjonsorganisasjonar, og 20. oktober gir vi til TV-aksjonen.

I august gav vi til Den Norske Israelsmisjon (DNI). Og fleire har spurt om vi kan gjera kunngjeringsteksten fr  den dagen kjend.

Her kjem den: «DNI har som visjon   vera med og gi evangeliet om Jesus tilbake til det j diske folk. Det er ei krevjande og uroleg tid. Krigen og alt som f lgjer med ristar oss. Israelsmisjonen sitt arbeid er med og byggjer bruer mellom menneske som tradisjonelt har vore fiendar. Vi treng   st  saman i b n, kj rleik og handling for   dela evangeliet. St tta til Israelsmisjon er ei investering i h p og fred – for Israel, nabolanda og for verda.»



Fr  gudstenesta i  rskog 31. august

Foto: Ole Sandvik

Kollektliste

Dato	Form�l	Sum
01.jun	Kyrkjelydsarbeidet	kr 3 900
08.jun	Misjonsprosjektet NMS	kr 13 300
15.jun	Kyrkjelydsarbeidet	kr 5 100
22.jun	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2 300
29.jun	Kirkens SOS	kr 8 450
06.jul	Kirkens Bymisjon	kr 9 110
13.jul	Kyrkjelydsarbeidet	kr 6 561
20.jul	Det teologiske menighetsfakultetet	kr 5 150
27.jul	Kyrkjelydsarbeidet	kr 4 400
03.aug	Stefanusalliansen	kr 7 050
10.aug	Misjonsprosjektet NMS	kr 7 620
17.aug	Den norske Israelsmisjon	kr 8 802
24.aug	Kyrkjelydsarbeidet	kr 13 700
31.aug	Trusoppl�ringa	kr 3 000
07.sep	S�ndagsskulen	kr 8 650
14.sep	Trusoppl�ringa	kr 3 242
21.sep	Normisjon	kr 5 790
28.sep	Trusoppl�ringa	kr 4 703



Fr  4- rsvandringa 26. sept.

Foto: Randi L nning Matre

||| GSE SANDVIK AS
55 60 18 20

**VAREHUSET
RYDLAND**
TLF: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
elon fagmøbler

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

**LERØY
SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjærelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

**Stord
Begravelsesbyrå**
Tlf. 53 41 64 05

**PORT
STEINGARD**

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FBS
FITJAR BYGDASERVICE SA
BRØYTING - TREFELLING
TORE: 95 27 72 01 KARL ANDRE: 95 77 85 13



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no



OPNINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:

53 49 78 90

*Fiks frisyren
hos oss!*



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

www.gronavikjo.no

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58



**Engesund
Fiskeoppdrett**
Visningsenter
Mobilnr: 951 89950



Fitjar Soknerådsbarnehage

Kontaktinfo:
Serina Sørfohn
902 27 978



WAAGE ANLEGG

www.waageanlegg.no
inge@waageanlegg.no | Tlf: 958 86 390



Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

Kråko
Kråko Utvikling AS



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR

S M A B A T A S



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



KVERNENES BÅTBYGGERI

Kalveid 27, 5419 Fitjar
Tlf: 940 39 639 - baatbygg@kvernernesbaat.no



FOTTERAPEUT

med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



Videoen Kiosk



Engevik & Tislevoll a.s

MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00

E-post:

post@engevik-tislevoll.no

VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40



Aarskog Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

progreen

AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar

www.progreen.as

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700



Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418



K.VOLDEN

Slekters gang

Døypete:

29.06.

Hallvor Grov

13.07.

Edith Margrethe Stensbøl

03.08.

Emil Tharaldsen de Fine

10.08.

Ella Svalland Ulvestad

17.08.

Vilje Koløen

24.08.

Tale Tislevoll Bremnes

Haylie Eggøy Leirvik

Frøya Lyngstad Vestbøstad

Jon Røysland Fitjar

07.09

Oline Søndena Oma

Aron Undheim Vik

Vigde:

05.07.

Ingjerd Michelle Andersen og
Torbjørn Eiken

16.08.

Betsaida Tejeda og
Benjamin Fjelltun

23.08.

Lillianne Drønen Jæger og
Tor Henning Vestbøstad

30.08.

Litha Marie Stenbråten og
Eiliv Solbakken

Jordfeste:

Olav Rimmereid

f. 14.07.1942- d. 16.06.2025

Olga Henriette Drange Breivik

f. 14.03.1924- d. 03.07.2025

Tor Helge Haugland

f. 03.02.1953- d. 20.08.2025

Aurora Helland

f. 12.09.2025- d. 12.09.2025



Haust ved Storavatnet med Nesbø i bakgrunnen

Foto: Rolf-Atle Rolfsnes

Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
19.10.	kl.11:00	Hausttakkefest	Olav J. Oma	TV-aksjonen
26.10.	kl.11:00	Bots- og bønenedag	Sven Harald Nilsen	Solgry
02.11.	kl.11:00	Helgemesse-sundag	Olav J. Oma	Diakoniarbeidet
09.11.	kl.11:00	22. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Stefanusalliansen
16.11.	kl.11:00	23. s. i treeiningstida/Lys Vaken	Olav J. Oma	Trusopplæringa
23.11.	kl.11:00	Domssøndag	Sven Harald Nilsen	Åpne dører
30.11.	kl.18:00	1. s. i adventstida/Lysmesse	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
07.12.	kl.11:00	2. s. i adventstida	Olav J. Oma	Indremisjonen
14.12.	kl.11:00	3. s. i adventstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
21.12.	kl.11:00	4. s. i adventstida	Sven Harald Nilsen	Kirkens SOS